

Referat frå ekstraordinært nettmøte i Sunnfjord KFU.

Onsdag 22. april 2020 kl 19-20:15

Plattform: Whereby, tilrettelagt av Jarle Øen, FAU FUSK.

Agenda for møtet: Gjenopning av skulane for 1.-4. klasse i barneskulen.

Rettleiinga for skuleopning.

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/>

**Desse møtte:**

Bygstad skule:	Trine Lise Sagmo FAU-Leiar
Flatene skule:	Mariann Olga T. Flo FAU-Nestleiar
Frøysland skule:	Anne Karin Nes FAU-Leiar Ingunn Rørvik FAU-Nestleiar
Førde Barneskule:	Øyvind Johan Korsøen FAU-Leiar Gunvor Beate Bjordal Solvik FAU-Nestleiar
Førde Ungdomsskule:	Jarle Øen FAU-Leiar Arne Eikeland FAU-Nestleiar
Holsen skule og barnehage:	Gert Høgseth FAU-Leiar
Karstad skule og barnehage:	Jens Kristian Bjørkedal FAU-Nestleiar
Naustdal skule:	Steinar Kleppe FAU-Leiar Arne Kringlen FAU-Nestleiar
Sande skule:	Line Senneseth FAU-Nestleiar Marit Solveig Nedrebø Vara/KFU-Sekretær
Skei skule:	Tone Støylen Holgersson FAU-Leiar
Slåtten skule:	Roger Eide FAU-Nestleiar
Sunde skule:	Elin Botnen Viken FAU-Leiar
Viksdalen skule:	Hildegunn Hoff Hana FAU-Nestleiar
Kommunalsjef skule:	Åge Stafsnes

I tillegg var Kommuneoverlege/smittevernlege Øystein Furnes med på møtet.

KFU-representantane fekk såleis høve til å stille spørsmål - og kome med innspel til både Kommunalsjef skule og Smittevernlege.

Myndighetene har laga ein smittevern-rettleiar, som er forutsetninga for at skular skal kunne opne att.

Åge Stafsnes gjekk gjennom detaljar i denne rettleiaren.

Hovedpunkta i rettleiaren er:

- Faste grupper gjennom ei veke.
- Minst mogleg kontakt
- Rutiner
- Smittevern

Eit av smittevernstiltaka er mindre grupper, eller kohortar. Kohort er ei mindre gruppe med faste medlemmer. I rettleiinga er det sett tak på kor mange som kan vere i dei ulike gruppene for barnehage og skule. Dei minste borna kan være maks 3, dei største kan være 6 barn pr.gruppe.

I barneskulen er det satt til maks 15 barn pr.gruppe, og i ungdomskulen og vgs.20. Tanken bak denne smittervernpilanen er redusert kontakthypigheit mellom ulike personar.

Øystein Furnes:

Dei fleste nye smittetilfella no er i Bærum og Oslo området. I resten av Norge har det flata ut. Her i Sunnfjord er det minimalt med smitte.

Det som er viktig er at samfunnet kjem i gong att. Visst ikkje er det ein fare for at ein trøttar ut samfunnet. Det er umogleg å ha få smitta lik null. Myndighetene har lagt seg på eit strengare nivå, som føre var prinsippet. Stafsnes kom med og at det er viktig med opning av skulane med tanke på sårbare barn.

Åge Stafsnes:

Kohortprinsippet vil krevje meir resursar, fleire rom, tilstrekkeleg antal lærarar og det vil være sårbart ved sjukdom. Alle skulane har teke tak i rettleiaren.

Eit spørsmål frå ein KFU-representant gjekk på om lærarane får rettleing i RETT håndvask/spriting av hender? Gjer ein det ikkje på rett måte, så vert ein «falsk rein». Kva med at på enkelte skular er kun såper med parfymar? Stafnes svarte at det vert kontrollert at alle lærarar har lært seg korrekt handvask før elevane kjem att på skulen. På skulane så kjem det til å bli brukt handvask og ikkje handsprit, anna enn på utflukter der ein ikkje har tilgong på vatn/såpe. Ein har felles innkjøpsavtale for alle skulane i kommunen. Den skal etter den infoen Stafsnes sit på være allergivenleg.

Gruppene skal være mest mogleg like. Er det til dømes 46 elevar på eit trinn, så kan ein då lage kohortar på 15-15-16. Det vil vere innafor. Det er ein rettleiar, men det er rom for skjøn. Men det vil forutsette god plass, slik at det vert forsvarleg plass mellom elevane.

Eit spørsmål frå ein KFU representant var om ein kunne ha fleire enn 15 elevar i gruppene. Og om disiplinen til elevar kunne rokke på antalet. Ei gruppe på 19 elevar, kan i teorien fungere betre enn med 10 urolege elevar. Kommuneoverlegen svarte at grupper på under 20 så var ein fortsatt innafor rettleiaren. Tanken med mindre antal dess yngre barna er at ein tenkjer at dei vil ha større utfordringar til å halde avstand. Gruppene i rettleiaren er satt til i barnehagen 3 stk, for dei minste og

6 stk, for dei største. I barneskulen grupper på 15, og ungdomskulen og vgs 20 elevar. Og at ein vil prøve å legge opp til kohorter som er anbefalt. Så må vi få erfaring med grupper på 15. Det vil bli brukt fagleg vurdering. Ei kohort = ei fast gruppe. Ein eventuell smittesporing vil så bli lettare, er tanken.

Kohorten skal være den same heile veka. Lærarane skal følgje mest mogleg gruppa. Gruppa skal ha minst mogleg lærarar inne i kohorten. Det vil seie at ein ikkje har faglærarar på same måte som før i undervisninga. Kohorten skal ha eigne uteområde, eller det skal være ulike tidspunkt for friminutt. Det betyr at det vil være ulik timeplan gjennom dagen. Lærarane skal øve på rutiner på førehand.

Kvar elev skal ha eigen pult, eige utstyr og plassar. Alt skal være merka med eleven sitt namn. Elevane skal bli opplært i å vaske over sin eigen pult fleire gongar for dagen. Ein skal ha faste rutiner på handvask/hygiene før og etter ulike ting. Ein skal rydde i garderober. Det skal ikkje være trengsel i garderober, eller i overgangar mellom aktivitetar. Førebuingar fram til skulane opnar att, er at ein må tenkje gjennom alle faktorar, og tenkje på alle rutinar gjennom ein heil skuledag. Avstand skal vere 2 meter.

SFO har større utfordringar, fordi ein der må halde vidare på kohortane frå skulen. Fokuset må også der vere på handvask og rutiner. Lokalt må ein kanskje sjå på skuledag/SFO i samanheng. Ein må prøve å la SFO gå mest mogleg som normalt.

Reinhaldet skal forsterkast. Det skal lagast skriftlege rutiner. Handtak skal vaskast 2-4 gonger pr.dag. Rutiner for reinhald av spisebord. Leikar skal vaskast etter bruk. Bamsar og liknande må tåle vask på 60 grader. All mat skal pakkast i emballasje. Oppdelt frukt vert ikkje servert i denne perioden.

Det vert ikkje dusj etter gym, uteaktivitetar vert utan kroppskontakt. Elevar skal ikkje dele instrument t.d. blokkfløyter i musikk.

Transport: Alle vert oppmoda om å reise minst mogleg kollektivt. I skuledrosjer skal det vere maks 3 elevar. Kommunen har vore i kontakt med fylkeskommunen, som har ansvar for skulerutene. Det er gitt vidare bestilling på å auke kapasitet på skulebussane.

Eit spørsmål frå ein KFU-representant gjekk på om det kom til å bli restriksjonar på kven som får rett til skuleskyss med buss, om kapasitetsproblem pga bruk av annakvar sete i bussane. Det var eit spørsmål ein ikkje kunne svar på pr. no.

Innspel frå KFU-representant: Det er viktig no at skulane kjem i gang att. Visst ein har god kapasitet lokalt på enkelte skular, vil det då være råd at høgare klassetrinn då kan få starte på same tid, som 1.-4.klasse? Svaret frå Åge Stafsnes var eit klart, nei. Det vil ikkje bli opna for høgare klassetrinn, før det kjem ei nasjonal føring på det.

**INGEN barn eller lærarar skal møte på skulen med symptom på luftvegsproblem** (hoste, snørr, forhøga temperatur og liknande).

Visst ein elev utviklar luftvegsproblem i løpet av skuledagen, så SKAL denne hentast av foreldre heim fortast råd. Barnet får munnbind på seg, og skal isolerast ilag med ein lærar. Alle foreldre må difor kunne nåast i skuletida.

Spørsmål frå KFU-representant: Kva med elevar med pollenallergi eller andre allergiar?

Kommuneoverlege Øystein Furnes svarte at det vil i dei aller fleste tilfelle være kjent og avklart på førehand. Det vil og være råd å teste.

I rettleiaren er det definert kven som er i risikogrupper, lista opp. Døme på det er kreft og hjertesvikt. Nokre elevar har kanskje foreldre som er i risikograppa. Det er IKKJE automatikk på at dei skal være heime. Der vil det kun vere risiko visst sjukdommen er dårleg behandla. Desse må ta kontakt for å få ei vurdering. Visst det vert vurdering på at elevar med risiko sjølv, eller hjå foreldre at dei ikkje kan på skulen, så vil desse ha krav på digital opplæring.

Det er vurdert som trygt at skulane opnar no gradvis. Visst det er foreldre som likevel ikkje vil at elevane startar på skulen att, så har ein lov å ha heimeundervisning. Då skal kommunen føre tilsyn med undervisninga, men ein har ikkje rett på hjelp til undervisninga frå skulen.

På kommunen sine heimesider ligg det informasjon, med lenker til små videoar som kan vere nyttige. Ein skal og ha lenkjer på ulike språk. Alle foreldre skal få informasjon via VISMA frå sin skule, der det vil ligge informasjon og om lokale forhold. Det er viktig at skulane har god dialog med foreldra. Denne rettleiaren er lang, men kommunen har laga ein kortversjon på 1-2 sider, som skal bli tilgjengeleg.

Eit spørsmål frå KFU-representant var kvar ein henvender seg om ting ikkje går så bra. Svaret frå Stafnes var då at ein ikkje må vere redd for å ta kontakt. Det er betre med å ta kontakt ein gong for mykje, enn ein gong for lite.

Spørsmål frå KFU-representant med arr. på skulane? Det nærmar seg snart 17. mai. Svaret frå Stafnes og Furnes er at det ikkje vert nokre arrangement på skulane, og at det ikkje vil bli aktuelt å ha større forsamlingar.

Furnes kom og fram med at det ikkje er ulovleg å reise i Norge, så lenge ein held seg til dei generelle rutinar som er anbefalt på avstand og liknande.

Stafnes: Det alle foreldra no kan bidra med er at vi må førebu elevane når dei skal tilbake på skulen. Alle får på ein måte ein ny klassestart. Elevane kjem tilbake til nye grupper. Viss det skulle oppstå mistrivsel så må ein ta kontakt umiddelbart.

KFU-Leiar, Roger Eide takka for god og nøktern informasjon frå Åge Stafnes og Øystein Furnes. Sunnfjord KFU er samansett av ei gruppe med ressursar på mange fagfelt. Sunnfjord KFU fekk difor sett på dagsorden korleis ein skulle ivareta utsette barn, då det kom meir stressfaktorar i familiar. Dette vart tema i nettmøte med Statsministeren og Ordførar, samt andre representantar frå Sunnfjord kommune. Det vart laga undervisningsopplegg til elevane på korleis/kvar dei skulle ta kontakt visst dei trengte hjelp.

Denne gongen vart møtet halde på plattformen Whereby. Vi sankar erfaring på kva som fungerer. Å samle Sunnfjord KFU fysisk, er ikkje tenkt på denne sida av sommaren.

Neste KFU-nettmøte vert onsdag 6. mai kl 19-21.

Marit Solveig Nedrebø  
Referent